2019 - 2020

# SKULEGUIDEN

*Mot høgare mål*

# HELSING FRÅ REDAKSJONEN

**No held du eit produkt som er resultatet av sju veker med hardt arbeid, dedikasjon og kreativitet.**

Vi i 3MK1 har gjort vårt ytste for å lage ein artig, innhaldsrik og funksjonell skuleguide som både kan brukast som ei minnebok og som eit praktisk oppslagsverk. Temaet i år er *fargesymfoni, positivitet og framsnakk* - for kva er vel eigentleg betre enn det? I den samanheng vil du sjå emneknaggen #positivt hyppig frekventert gjennom guiden. Vi håpar at årets skuleguide står til forventingane, og at du seinare kan sjå tilbake og mimre over tida di på Volda vidaregåande skule med eit smil.

Heilt sidan byrjinga av skuleåret har 3MK1 vore delt opp i tre team: *Foto*, *design/produksjon* og *innhald/marknadsføring*. *Fotogruppa* har du allereie møtt. Dei tok både klassebilete og portrett. Etter fotograferinga har dei redigert og behandla bileta. *Design og produksjon* er ansvarleg for utforming, grafiske element og brekking av skuleguiden. Det er mykje arbeid å setje saman alle sidene du no held i handa, med eit stilig, praktisk og muntert design. *Innhald og marknadsføring* har jobba mykje variert. Dei sørgjer for at det er mykje godt innhald i guiden, dei har spreidd informasjon og marknadsført sal, og dei har dokumentert prosessen gjennom både foto og video.

Tradisjonen tru har me nytta *fargekoding* framfor sidetal: Hovudinnhaldet i starten går i grønt, deretter har kvart utdanningsprogram *sin* farge. Til saman har 3MK1 utgjort *eitt* stort team, med mål om å lage den beste skuleguiden nokon gong! Det har vore ein lang og krevjande prosess, men også svært artig og lærerikt. Nyt Skuleguiden 2019!



TOR - teamleiar INNHALD OG MARKNADSFØRING




DENNIS - teamleiar DESIGN OG PRODUKSJON



MARI - teamleiar FOTO



BENEDIKTE - nestleiar INNHALD OG MARKNADSFØRING



MADELEINE - nestleiar DESIGN OG PRODUKSJON



NOA - nestleiar FOTO

# HELSING FRÅ REKTOR

**Skuleguiden ligg alltid på kontorpulten til rektor Trond Hjelset.**

- Den blir dratt fram veldig ofte av oss som jobbar i administrasjonen, og sikkert oftare av lærarane, og kanskje enda oftare av elevane? Den er eit svært viktig verkty, og det er difor viktig at det kjem ut tidleg på året, og at det er nøyaktig. Dersom vi lurer på noko, eller skal ha tak i nokon, så gjer skuleguiden det lett å finne riktig person med korrekt kontaktinformasjon. Veldig viktig produkt.

**Ein skule med eit godt og trygt miljø.**
- Eg tenkjer at her er rom for alle typar elevar, og alle typar lærarar. Det er ikkje noko press i høve korleis du skal kle deg, eller klippe deg og liknande. Eg trur Volda vidaregåande er ein skule der dei aller fleste kan gå inn døra og kjenne at ein ikkje stikk seg ut på nokon måte.

**Ein skule som leverer.**
Eg er glad for at vi i førre skuleår hadde våre beste tal når det gjeld gjennomføring, fullført og bestått. Vi var over 90 prosent, og det er betre enn dei fleste skulane i fylket. Det å faktisk fullføre faga, få karakter i faga og stå på eksamen, er veldig viktig på ein skule, for det er så avgjerande for framtida. Utan at vi nødvendigvis har eit ekstremt press og ikkje køyrer tøffare enn vi må, så verkar det som elevane har både læringslyst, eigenmotivasjon og stort sett opplever at innsatsen og resultata er i tråd med ei ønska framtid.

Dette tykkjer eg er veldig bra. Og det faktum at vi har gode gjennomføringstal, det gler meg stort! #positivt

Vél blåst, 3MK1!


mot høgare mål

# HELSING FRÅ ELEVRÅDSLEIAREN

**Amalie M. Vassbotn er årets elevrådsleiar! Ho er ei veldig livleg jente, og på fritida driv ho med både dans, russestyret og jobbar som servitrise på Hotell Union Øye.**

- Eg ville bli elevrådsleiar fordi eg synest elevrådsarbeid er superkjekt, og eg kjende at eg faktisk har noko å seie når det kjem til kva som skjer på skulen, seier ho.

Ho var med i elevrådsstyret i førsteklasse og synest det var kjempekjekt. I elevrådet blir ein kjend med mange, både på skulen og i resten av landet. Ho og resten av elevrådet har trua på at dei kjem til å gjere ein fantastisk jobb!

Ei av hennar hjartesaker er skulen sine turneringar. Til dømes ynskjer ho at absolutt alle klassene skal bli inkluderte i ping-pong-turneringa. Ho er også veldig klar for å ta tak i alle andre problem som kan finnast rundt omkring på skulen.

- Så send meg ei melding på itslearning, eller seie i frå til den tillitsvalde i klassa di - eller kven som helst andre som du TRUR er i elevrådet - og så prøvar eg og resten av gjengen å fikse det, seier ho.

"Let's make this year our bitch."

*Framsnakk av elevrådsarbeid*: 1) Ein kjenner ein gjer noko for skulen; 2) Ein vert kjend med mange nye folk; 3) Ein får vere med på mykje interessant og spanande. #positivt



# LEIINGA

**I leiinga finn vi, i tillegg til rektor Trond:**
***Jan Terje, Jørund, Olav, Kristin* og *Lisbet*.**
**Du finn dei til høgre for biblioteket og forbi skulekontoret/resepsjonen.**

I leiinga sit dei med alle svara. Dei fiksar skuleproblem og hjelper dersom det skulle vere noko. #positivt

**JAN TERJE** er assisterande rektor og avdelingsleiar for *Musikk, dans og drama* (MU), *Medium og kommunikasjon* (MK) og *Kunst, design og arkitektur* (KDA). Han er elevrådskontakt, kontaktperson for praksisstudentar, koordinerer fagkoordinatorane, og han lagar timeplanane og heilårsplanane for klassene på skulen.

**JØRUND** er avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag. Han er vidare skulen sin miljøfyrtårnkoordinator, ansvarleg for *Operasjon dagsverk* og heildagsprøvene på skulen, og han er kontaktperson for russen og andre elevorganisasjonar.

**OLAV** er IT-ansvarleg på skulen og avdelingsleiar for driftspersonalet. Han er ein ekspert innan IT og hjelper med alle dataproblem.

**KRISTIN** er avdelingsleiar for tilrettelagt klasse og kroppsøvingsseksjonen. Ho er spes.ped.koordinator og har ein overordna personalfunksjon ved skulen.

**LISBET** er avdelingsleiar for språk og realfagsseksjonen, og har ansvaret for eksamensgjennomføring, vitnemål og inntak. Ho sørgjer også for at alle elevane får det valfaget dei ynskjer.



# KONTORET

**Om du går forbi kantina, ned trappa mot biblioteket, og tek så ein høgresving, så kjem du til skulekontoret/resepsjonen.**

Her finn du Anne-Grete, Eli og Gerd Sofie, som alle vil hjelpe deg etter beste evne. Dei er tilgjengelege heilt frå byrjinga til slutten av skuledagen, så det er berre å kome innom dersom du treng hjelp.

Om du så trur det er for seint når sumarferien byrjar - fortvil ikkje! Kontoret har nemleg ope gjennom delar av både haustferien, vinterferien, påskeferien og sumarferien.

Her kan dei hjelpe deg med ei rekke spørsmål og ulike utfordringar. Eksempelvis kan dei selje deg lås til skåpet ditt, skaffe deg busskort, eller hjelpe deg med informasjon frå Lånekassa.

Er det noko anna du lurer på får du mest truleg hjelp her! I tillegg til det daglege dei hjelper elevane med, står skulekontoret også ansvarleg for rekneskap, løn, ajourføring av administrasjonssystemet med meir.

Anne-Grete har jobba på skulen i om lag fem år, Eli i nesten tretten år, og Gerd Sofie i elleve år. Dei tre har til saman mykje erfaring innan feltet sitt, og er tilsynelatande alltid i sprudlande humør! #positivt





# RÅDGJEVARANE

**Om du treng du råd om utdanning og yrkesval, eller har behov for sosialpedagogisk rågjeving, så er Randi og Kristian her for deg.**

Dei har kontor i fyrste etasje i klasseromsfløya, like etter vrimlearealet. Der er dørene opne for dei som treng hjelp til utdanningsval, yrkesval eller ulike faglege, sosiale og personlege utfordringar knytt til skulekvardagen. Målet deira er å finne den beste løysinga for *deg*, så ikkje ver redd for å ta ein tur innom!

**Kontaktinformasjon RANDI:**
712 82 314, randi.kalland@mrfylke.no

**Kontaktinformasjon KRISTIAN:**
712 82 313, kristian.ingebrigtsen@mrfylke.no

*P.S. Sjå timeplan med trefftider bakerst i guiden.*

# HELSESJUKEPLEIAR

**Om du treng nokon å snakke med eller lurer på noko vedrørande psykisk helse, så har skulen tilgjengeleg ein helsesjukepleiar i 20% stilling.**

Kontoret til helsesjukepleiaren ligg like ved rådgjevarane sine kontor. Du kan snakke med henne om seksualitet, prevensjon, rusmiddel eller andre ting som kan vere vanskeleg. Pr. no er Ellen Andenes tilsett i denne stillinga.

**Kontaktinformasjon ELLEN:**
Ring eller send SMS til 948 72 681.

*Framsnakking av skulen sine rådgjevings- og helsetenester*: 1) Vi har teieplikt, så alt du seier til oss er konfidensielt; 2) *Helsestasjonen for ungdom* er gratis og er open tysdag og torsdag 14:00-16:30; 3) Du får gyldig fråvær om du besøker oss. #positivt






ØYRA SKULE

# KANTINA

**For mange er lunsjen skuledagens høgdepunkt. Med ei kantine som dette er det kanskje ikkje så rart.**

Dei smilande kantinedamene Frøydis og Else-Marie sørgjer for at det alltid er påsmurt mat og nyleg oppfylt kjøleskap. Kantina har stort utval i både sunt og godt - noko til skulemat og litt som påskjøning.

Det vert servert varmmat dei fleste dagane i veka, og menyen vert lagt ut på itslearning kvar måndag. *#positivt*

Du kan betale med kort og kontant - og gløymer du pengane heime, så er det ikkje noko problem! Kantina tek gjerne imot Vipps.

**OPNINGSTIDER:**
08.10 - 13.30

# BIBLIOTEKET

**Går du ned trappa i vestibylen finn du skulebiblioteket. Her er omlag alt ein måtte trenge til skulearbeidet.**

Bøker, oppslagsverk, magasin og aviser. Treng du ein plass å gjere skulearbeidet finn du også ein stille lesesal her. Biblioteket har også eit breitt utval av filmar og lydbøker om du skulle ynskje noko å kose deg med.

Bibliotekar Heidi hjelper deg gladeleg med å finne det du leitar etter, eller tipsar deg om andre ting. Heidi tek også gjerne imot ynskje til kva som bør bestillast inn. *#positivt*

Om du skulle trenge å skrive ut eit dokument er der maskiner kopla opp til printer.

**OPNINGSTIDER:**
08.10 - 13.30







# DRIFTSTEKNIKARANE

**Skulen sine *handy men*, Ronny og Odd Johan, er skulen sine driftsteknikarar og er som regel i full gang med å sørgje for å halde skulen ved like.**

Desse handlekraftige karane sørgjer for at skulen er på sitt beste til ei kvar tid. Er det noko som må fiksast eller om dei ser noko som ikkje er heilt slik som det skal, vil driftsteknikarane alltid vere til stades og fikse problemet. *#positivt*

Desse to finn du alltid i godt humør og med gode tips! Treng du hjelp til å fikse noko, eller får du ikkje opp låsen på skåpet ditt? Spør drifstteknikarane, dei hjelper deg med glede!

Du finn dei som oftast i full aktivitet rundt på skuleområdet, eller på kontoret rett ved den vestlege inngangen til øvre bygg.

# REINHALDARANE

**Har du nokon gong lurt på kvifor det alltid er så reint og fint på skulen vår heile tida? Det er takka vere dei grundige og driftige reinhaldarane vi har på skulen!**

Reinhaldarane er gjerne dei første som kjem på jobb om morgonen ved Volda vidaregåande skule. Dei sørgjer for ein rein og fin skule før elevane strøymer inn gjennom dørene, stadig i full sving med kost og mopp.

Effektive som dei er, er det ikkje alltid lett å få auge på dei, men det er alltid ei glede for alle å sjå kor reint og skinande det er til ei kvar tid. *#positivt*

Reinhaldarane vil veldig gjerne at alle elevane ved skulen skal vere flinke til å rydde etter seg. Det gjer arbeidet til reinhaldarane mykje enklare.



# TILSETTE
# A-Å


Ingrid
Salt


Marit Lid
Skorstad


Hilde
Steinnes


Merete Gretland
Steinnes


Hanne
Stokke


Magnar
Sunde


Kristin Bakke
Sæterås


Bente Natalie
Søvik


Torill Elise K.
Tafjord


Olav
Trandal


Margrete
Trovåg


Grete Karin
Urke


Ayne
Vagizova


Stein Henrik
Vartdal


Ingvil Håberg
Velle


Frøydis Skår
Ville


Renata
Vynikalova


Jorid
Vårdal


Linn Janett D.
Øye


Ann Helen
Aakre


Ronny
Aam

**IKKJE TIL STADES:**
Austrheim, Bjarne
Berg, Øyvind Granden
Bjøringsøy, John Inge Leira
Dypviken, Hilde Kristin Humberset
Hoel, Vanessa Sunde
Løfoll, Ingrid Maria
Slotterøy, Rita
Standal, Torgeir Hovden
Sørheim, Grete Marta
Sørheim, Tjalve
Trovåg, Håkon Orten

# TILSETTE SAL-AAM

# FARGESYMFONI

**På klassebileta vil du sjå fargerike bølgjer i bakgrunnen.**

Desse fargane er henta ut frå kvar rekke på det aktuelle klassebiletet, og utgjer såleis eit *tverrsnitt av klassa sitt fargespekter.*

Til høgre ser du alle desse tverrsnitta samla, fordelt etter årstrinn. Me kan nok trygt seie at Volda vidaregåande skule er ein fargerik skule!



VG1

VG2

VG3

# STUDIE-SPESIALISERING



# KUNST, DESIGN & ARKITEKTUR



# MUSIKK, DANS & DRAMA



# MEDIUM & KOMMUNIKASJON





**KONTAKTLÆRAR:** Håvard Krøvel-Velle

# SKAL DU TA FØRARKORT?

# START TIDLEG OG FÅ MINIMALT MED FRÅVÆR!

MOE TRAFIKKSKULE

Etb. 1950

Tlf: 70 06 63 93

www.moetrafikkskule.no


MOE
TRAFIKKSKULE
Telefon 70 06 63 93
UN 38138
MOE
TRAFIKKSKULE
Tlf: 70 06 63 93
www.moetrafikkskule.no

# VÉL TRIVSEL OG KVALITET!

Vi tilbyr opplæring i klassene AM146, T, B, B automat, BE og B96. Hjå oss kan du også ta trafikalt grunnkurs og mørkekøyringskurs. I tillegg tilbyr vi kurset du treng for å kunne køyre 50 km-traktor.

**Vi tilbyr køyretimar i heile distriktet:** Ørsta, Volda, Fosnavåg, Ulsteinvik og Hareid. Tek du førarkort hjå oss gir vi deg gode rabattar.

**Sjekk våre pakkar** på www.bondhustrafikkskule.no, ring oss på 700 68 282 eller send oss ein e-post til bondhus.trafikk@gmail.com.

BONDHUS
TRAFIKKSKULE


BONDHUS
TRAFIKKSKULE

# GJER SOM LANDSLAGSKEEPER ØRJAN

## - TA FØRARKORTET HJÅ OSS!

- *Teorikurs*
- *Trafikalt grunnkurs*
- *Mørkekøyringskurs*
- *Oppfriskingskurs 65+*
- *Praktisk opplæring B-M-A-A1-A2-BE*

**Rotevatn Trafikkskole**

*Snippa 3 - 6100 Volda - 70079500 - rotevatntrafikkskole.no*




DRiVE
TRAFIKKSKULE

FØRARKORT? VI BRYR OSS!

DRiVE
TRAFIKKSKULE

Volda - Ulsteinvik

450 85 450 / DRIVE-TRAFIKK.NO

# POPULÆRT 2019














VinyL

# BEHIND THE SCENES




















Her kan du
betale med
vipps
109515









# PRAKTISK INFO

**Feriar:**
*Juleferie* 20. desember til 5. januar
*Vinterferie* 17. februar til 23. februar
*Påskeferie* 6. april til 13. april
*Sumarferie* (siste skuledag) 19. juni

**VIPPS:**
*Volda VGS* #109515 / *Kantina* #115793

*Volda vgs* på FB

*Skuleguiden* på FB

**Trefftidene til rådgjevarane:**

| KLOKKESLETT | MÅN | TYS | ONS | TOR |
|---|---|---|---|---|
| 08:15 – 09:00 | Randi | Randi, Kristian | Randi | |
| 09:00 – 09:40 | Randi | Randi, Kristian | Randi | |
| 09:50 – 10:35 | Randi | Randi, Kristian | Randi, Kristian | |
| 10:35 – 11:15 | Randi | Randi, Kristian | Randi, Kristian | Kristian |
| 11:45 – 12:30 | | | Randi, Kristian | Kristian |
| 12:35 – 13:20 | | | Randi, Kristian | Randi, Kristian |
| 13:30 – 14:15 | | Kristian | Kristian | Randi, Kristian |
| 14:25 – 15:10 | Kristian | Kristian | Kristian | Randi, Kristian |

# #POSITIVITET

"The most important thing is to look ahead, the past is your anchor."

"When you can't find the sunshine, be the sunshine!"

"Don't think about what might go wrong, think about what might go right!"

"Falling down is an accident, staying down is a choice."

"When nothing goes right, go left!"

"Every day, once a day, give yourself a present. Don't plan it, don't wait for it, just let it happen. It could be a new shirt at the men's store, a catnap in your office chair or two cups of good hot black coffee."

"Things will get better. And then worse, then fine, then really fucking terrible, then good, then bad, then better."

"We only live once. Wrong! We only die once. We live every day!"

VEVENDELVEGEN 35
6100 VOLDA

71 28 23 00 / volda.vgs@mrfylke.no / www.volda.vgs.no
**TRYKK:** Aarflot Media / **PRODUKSJON:** 3MK1